

Oktober 2016

1.0 Budsjetteknisk

BUDSJETTEKNISK	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme inkl. midlar til å dekke avskriv	125 737	127 828	-2 091	1 153 990	1 158 391	-4 401
ISF eigne pasientar	3 098	3 644	-546	29 795	33 602	-3 807
Andre øyremerka tilskot	1 807	1 860	-53	18 031	17 237	794
Andre driftsinntekter	31		31	69		69
Sum driftsinntekter	130 673	133 332	-2 659	1 201 886	1 209 230	-7 345
Kjøp av offentlege helsetenester	9 121	8 478	642	74 498	84 784	-10 287
Kjøp av private helsetenester	-	345	-345	1 583	3 450	-1 867
Varekjøp	-	630	-630	2 270	5 810	-3 540
Pensjonskostnad	-6 542	-6 542	0	-83 717	-83 717	0
Avskrivningar	8 053	8 429	-376	80 953	84 292	-3 339
Nedskrivningar	-	-	0	282	-	282
Andre driftskostnader	600	2 329	-1 729	2 450	8 976	-6 526
Sum driftskostnader	11 231	13 670	-2 439	78 319	103 596	-25 277
Driftsresultat	119 442	119 662	-221	1 123 567	1 105 635	17 932
Finansinntekter	147	117	31	1 528	1 167	361
Finanskostnader	84	270	-185	1 142	2 962	-1 820
Finansresultat	63	-153	216	386	-1 796	2 181
Ordinært resultat	119 505	119 510	-5	1 123 953	1 103 839	20 113

Inntekter

Basisinntektene er lågare i oktober som følgje av Helse Vest sitt ynskje om at kostnadene ved overføring av Gulen til Helse Bergen vert ført her. Motposten er mindreforbruk og lågare kostnader av andre driftskostnader. ISF-inntekter eigne pasientar på budsjetteknisk er 50 prosent av DRG-verdien på dei pasientane som har vore behandla ved sjukehus i andre regionar. Lågare inntekter gjer at vi også har lågare kostnader.

Kostnader

Kostnader med kjøp av offentlege helsetenester inneheld både gjestepasientkjøp som ein del av ISF og kjøp utanfor ordninga. For kjøp frå andre regionar innanfor ISF-ordninga betaler Helse Førde 80 prosent av DRG-verdien. Nettokostnaden for Helse Førde er 30 prosent av DRG-verdien. Totalt har Helse Førde per oktober kjøpt helsetenester for om lag 10 millionar mindre enn budsjettert.

Det er uklart korleis utviklinga blir framover. Særleg har det vore ein sterk vekst i behandlinga av pasientar busette i Sogn og Fjordane i Helse Bergen. Helse Førde har budsjettert med endra kostnader i samband med saka om overføring av behandlingsansvar for Gulen. Ettersom overføringa skjedde seinare enn venta, har det vore lågare kostnader på budsjetteknisk område og høgare kostnader i kirurgisk klinikk. Når det gjeld varekost har det ikkje vore grunnlag for kostnadsføring i oktober. Avskrivningar og rentekostnader er noko lågare enn venta. Det skuldast at vi så langt har gjort færre investeringar enn planlagt, samt ein betre likviditetssituasjon og lågare renter enn venta.

2.0 Stab og støtte

ØKONOMI

STAB OG STØTTE	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme inkl. midlar til å dekke avskriv	10 398	10 141	257	103 351	100 784	2 567
Øyremerka tilskot "Raskare tilbake"	23	28	-4	389	255	135
Andre øyremerka tilskot	1 582	3 418	-1 836	8 765	16 665	-7 900
Andre driftsinntekter	6 576	6 567	9	64 020	61 519	2 501
Sum driftsinntekter	18 579	20 154	-1 575	176 525	179 222	-2 697
Kjøp av offentlege helsetenester	-86	70	-155	161	697	-536
Kjøp av private helsetenester		3	-3		32	-32
Varekostnader	2 056	1 838	217	19 491	18 440	1 051
Løn til fast tilsette	15 872	15 864	9	139 656	141 069	-1 413
Overtid og ekstrahjelp	272	326	-54	2 498	2 907	-409
Pensjonskostnad	4 394	4 411	-17	43 694	43 694	0
Offentlege tilskot og refusjonar	-648	-426	-223	-6 887	-4 255	-2 632
Anna løn	2 759	2 644	115	22 426	23 172	-747
Andre driftskostnader	32 966	35 702	-2 736	321 417	327 062	-5 645
Sum driftskostnader	57 585	60 433	-2 847	542 455	552 818	-10 363
Driftsresultat	-39 006	-40 278	1 273	-365 929	-373 596	7 666
Finanskostnader	2	-	2	13	-	13
Finansresultat	-2	-	-2	-13	-	-13
Ordinært resultat	-39 008	-40 278	1 271	-365 942	-373 596	7 653

Stab og støtte har eit positivt avvik frå budsjett på 1,3 millionar denne månaden. Inntektene er 1,6 millionar lågare enn budsjett, medan kostnadene er 2,8 millionar lågare. Personalkostnader har eit positivt avvik på 170 000, kostnader til IKT var 320 000 over budsjett medan pasienttransport hadde ein million i positivt avvik denne månaden.


Akkumulert

Akkumulert har stab og støtte eit positivt avvik mot budsjett på 7,7 millionar. Driftsinntektene er 2,7 millionar lågare enn budsjett. Driftskostnadene er 10,4 millionar lågare enn budsjett, dette skuldast mellom anna personalkostnader og kostnader til pasienttransport. Kostnad til IKT har til no eit negativt avvik på 1,6 millionar.

Sysselsetjingsprosjekta med årsbudsjett på 14,6 millionar er budsjettert med inntekter og kostnader i månadene frå og med august til og med november. Prosjekta er i rute og vil vere ferdige i 2016. Til no er 7,9 millionar kostnads- og inntektsført i prosjekta.


PERSONELL

Medarbeidarar:



Det er i registrert 363 brutto månadsverk som er fem fleire enn i same periode i 2015. Netto månadsverk er 339, som er tre fleire enn for eitt år sidan. Bemanningssenteret kom i drift frå 1. september. Av tala som er synt fram her, utgjør tilsette i bemanningssenteret fem brutto og netto månadsverk. Vi arbeider med ei løysing som i statistikken skal føre desse brutto og netto månadsverka til avdelingane der dei faktisk har arbeidd.

Sjukefråvær:



Stab og støtte har hatt eit registrert sjukefråvær på 4,8 prosent, som er 0,9 prosent lågare enn på same tid i fjor. Vi har over tid hatt stort fokus på det viktige med systematisk oppfølging av sjukmelde, samt auka kompetanse og tryggleik for leiarane i oppfølgingsarbeidet.